









SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	<p>Introduser timen og start med å se Takknemlighet og følelser - YouTube</p>
	<p>Filmen viste at det er vanleg å kjenne vonde følelsar sjølv om det er mykje i livet som er bra. Og så sa dei at det var lurt å tenke takke-tankar av og til. Å legge merke til det i livet som er bra. Kva er du takknemleg for akkurat no spurte ho: er det nokon her som har forslag til det?</p>
	<p>Kva kan vi for eksempel vere takknemleg for i naturen?</p>
	<p>Valfrie aktivitetar I desse boksene ligg ulike aktivitetar om takksemnd og glede som de kan velje mellom. Dei same aktivitetane ligg på 1.-3. trinn.</p>
	<p>Sjå Thankful by The Juicebox Jukebox 2021 Gratitude Appreciation Kids Songs Music Thanksgiving - YouTube</p>
	<p>Øv på å takke Start med å introdusere ferdigheita for elevane:</p> <p><i>Når vi takkar nokon som har hjelpt oss eller gitt oss noko, kan det skje to ting som er bra:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Den som gjorde noko fint for oss blir glad og får lyst til å gjere det igjen • Vi får ei god kjensle inni oss <p><i>Det er altså bra både for oss og for andre – så det er lurt å leggje merke til det andre gjer for oss og gir oss, og takke for det.</i></p> <p>Så kan de eventuelt snakke litt om kva det er lurt å takke for, eller spørje om elevane hugsar kva dei takka for sist.</p> <p>Introduser så ferdigheita å takke ved å gå gjennom dei tre trinna. For å kunne takke må vi først leggje merke til at det skjer noko vi kan takke for. Så må vi bestemme oss for å takke. Og når vi takkar, er det lurt å både sjå på den andre, smile eller vise at vi set pris på det, og seie takk.</p> <p>Så kan elevane gjerne øve. Kva kan elevane oppleve i løpet av ein dag som dei kan takke for? (kom på ting saman) Korleis kan dei takke for dette? Øv og vis, og ha fokus på kroppsspråk, blikkontakt og tydeleg takk.</p>
	<p>De kan også bruke denne og lære ord for takk på ulike språk og gjere bevegelsane. Lærer må nok oversette litt og forklare i starten. Thank you song: Gratitude, appreciation, kids song, music, thanksgiving. (youtube.com)</p>
	<p>Til sist ligg det to alternative frosketid-øvingar. Forklaring ligg i boksane.</p>